

# Vedtekter – Talkmølla

## §1 Namn og stad

Foreininga sitt namn er: "Talkmølla". Foreininga høyrer heime i Arnafjord, Vik kommune.

## §2 Mål

Mål for foreininga Talkmølla er å :

"Ta vare på talkmølla med anlegg som eit nasjonalt kulturminne og viktig element i Arnafjord".

"Utvikle talkmølla til glede for innbyggjarar og gjester i Arnafjord"

"Utvikle talkmølla slik at den vert grunnlag for verdiskaping i Arnafjord"

## §3 Medlemar

Personar som har betalt kontingenten slik den er vedteken på årsmøte vert medlem.

Styret i foreininga kan nekte medlemskap eller ekskludere medlemar som gjennom deira framferd er til klår skade for foreininga sine interesser og omdøme. Ei slik avgjerd kan takast opp i årsmøtet til endeleg avgjerd.

Utmelding skjer ved å vende seg til leiar eller nestleiar. Kontingenten vert ikkje refundert ved utmelding.

Styret kan i særskilde tilfelle utnemne æresmedlemar av foreininga. Dette skal vere personar som har hatt spesiell betydning eller gjort noko særskilt for Talkmølla og innbyggjarane i Arnafjord. Æresmedlemar har ikkje stemmerett, men deltek eller på lik linje med andre medlemar. Æresmedlemsskap er gratis.

## § 4 Rekneskap

Foreininga sitt rekneskapsår er 1. januar til 31. desember.

Rekneskapet, som vert utarbeida av styret, skal reviderast av foreininga sin revisor og leggast fram til godkjenning på det ordinere årsmøtet.

## § 5 Styret

Foreininga skal leiast av eit styre på 5 medlemar som konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og kasserar.

Styret skal veljast for ein periode på 2 år. Styremedlemane går ut på skift, slik at 2 medlemar går ut i oddetalsår og 3 medlemar går ut i partalsår.

Det skal veljast ein vara som sit i 1 år. Vara deltek i styret sitt arbeid, men utan stemmerett.

Det skal veljast ein revisor og ein vararevisor som sit i 1 år. Attval kan gjerast.

Styret set sjølv sin forretningsorden.

## **§ 6 Årsmøte**

Ordinært årsmøte skal heldast kvart år i fyrste kvartal. Innkalling skal skje skrifteleg til medlemmar med minst 14. dagars varsel.

Saker til årsmøtet skal vera styret i hende seinast 8 dagar før årsmøtet.

Kun medlemmar som har betalt kontingent har stemmerett. Kvart medlem har ei stemme og det kan ikkje stemmast med fullmakt. Avgjersler skjer med simpelt fleirtal.

Dagsorden for det ordinære årsmøtet skal innehalde fyljande punkt:

- val av ordstyrar, referent og 2 stemmeteljarar
- framlegging og godkjenning årsmelding
- framlegging og godkjenning av reviderte rekneskap
- innkome saker
- val av medlemmar og vara til styret
- val av revisor og vararevisor
- eventuelt

## **§ 7 Ekstraordinært årsmøte**

Det kan kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom 3 medlemmar av styret eller halvparten av medlemmane krev dette. Slik innkalling skal skje skrifteleg der dagsorden er opplyst, og med minst 8 dagars varsel.

## **§ 8 Teikningsreglar**

Foreininga heftar åleine med si formue og medlemmane heftar kun med den betalte kontingent.

For foreininga sine forpliktingar, heftar åleine foreininga si formue.

Innkjøp over kr. 5000,- må skivast under av både leiar og nestleiar i foreininga.

Kjøp, sal og pantsetjing av fast eigedom krev underskrift frå heile styret.

## **§ 9 Endring av vedtekter**

Endingar av vedteker kan kun skje etter godkjenning på to årsmøte ved stemmefleirtal mellom dei frammøtte. Før andre avstemming skal forslaget framleggast skrifteleg for alle medlemmar i innkallinga.

## **§ 10 Opplysing**

Opplysing av foreininga kan kun skje etter vedtak ved vanleg stemmefleirtal mellom dei frammøtte på to lovleg innkalla ordinære årsmøte.

Vert foreininga Talkmølla oppløyst skal eventuell formue overførast med slik fordeling;

- til Arnafjord Bygdeutval - 60 %
- til Arnafjord Ungdomslag - 20 %
- til Framfjord Ungdomslag - 20 %.

(feb. 2010)